



Ål Utvikling AS

Boks 35, 3571 Ål
Tlf 32 08 43 60
post@alutvikling.no
www.al.no



Informasjon til hyttefolket hausten 2010

KVA SKJER ?

Kokketeater og haustmarknad på Sundre 9. oktober frå kl. 12.00

Laurdag i haustferien blir det kokketeater med kokebokforfattar og TV-kokk Ole Martin Alfsen. I lag med Demis Dallo frå "Lite Tå Kort" lagar han fleire rettar medan publikum kan sjå på og få gode mattips. Avslutningsvis blir det smaksprøver, utlodding av komfyr og kjøkkenutstyr dei har brukt samt boksignering. I Myren er det ulike salgsboder med mat, brukskunst m.m. og inne på Ålingen Kjøpesenter blir det utdeling av gratis potet kl. 14.00. Sjå programmet her på www.al.no

Vertskapskurs / kurskveld i sal/service/opplevelsesøkonomi

Kurs over fire kveldar der ein også kan velje å delta berre på fyrste kvelden. Den er måndag 11. oktober i Ål kulturhus og temaet er sal og service/ opplevelsesøkonomi. Foredrags- haldar er velkjente Pål K. Medhus frå Høve Støtt Hallingdal AS. Det betyr ein kveld som både gjev kunnskap og inspirasjon i kvardagen, og som passar for både bygdafolk og hyttefolk. Sjå heile programmet [her](#), eller på vedlegget, og meld deg på om du finn dette interessant !

Nattopne butikkar fredag 15. oktober

Gode tilbod i butikkane heilt fram til kl. 23.00 på Sundre denne kvelden. Arr.: Ål Kjøpm.for.

Hausten på Ål kulturhus

- Ål kino med aktuelle filmar 5 dagar i veka. Den store kinodagen laurdag 6. november.
- Skiftande utstillingar i Galleri Syningen.
- Gratis kulturkafe kvar laurdag kl. 13.30.
- Nesch-museet og Hallingrosa open måndag – fredag kl. 08.00 – 16.00.

Nokon smakebitar frå haustprogrammet på kulturhuset:

Laurdag 9. oktober - konsert med Kjersti Dalseide frå Ål "Linger A While"
Onsdag 13. oktober - Shabana Rehman "For konge og fedreland"
Torsdag 21. oktober - Riksteateret viser "Soloppgang i Riga"
Måndag 1. november - TrondheimSolistene m/ Einar Olav og Gjermund Larsen
Torsdag 4. november - Henning Kvitnes
Laurdag 20. november - Bokmessa 2010
Tysdag 30. november - Svein Nordin "Pappa"

Sjå fleire arrangement i kulturhusprogrammet og på www.aal.kulturhus.no

Oversikt over alle arrangement i Ål finn du på Ål sin arrangementskalender – sjå www.al.no

Med helsing
Ål Utvikling AS - Kari Grete Kleivstøl

Ål, 01.10.10.